

**Fra:** Svein Arne Vågane  
**Sendt:** onsdag 31. mai 2023 10:59  
**Til:** AL-Dokumentsenter-Alle  
**Kopi:** Laila Bjørge; Maria Pletten  
**Emne:** VS: Landbruksveg/skogsveg  
**Vedlegg:** kart.jpg; skogsveg.jpg; oversikt.png

Hei.

Kan de vere grei å registrere dette som ei ny sak og setje meg opp som sakshandsamar? Det gjeld gnr. 496, bnr. 1 og søknad om bygging av landbruksveg. Ved ein inkurie har den vorte liggjande her hjå meg. Det vil kome eit søknadsskjema og kart som syner traseen om litt og som skal på same sak. Skjemaet med vedlegg vert sendt til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Mvh Svein Arne

---

**Fra:** Maria Pletten <[mariaspletten@gmail.com](mailto:mariaspletten@gmail.com)>  
**Sendt:** torsdag 23. mars 2023 14:27  
**Til:** Svein Arne Vågane <[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)>  
**Emne:** Landbruksveg/skogsveg

Heidu,

Var på møte med deg i går med Landbruksfagrådet og fekk beskjed av Laila at det var deg eg skulle snakka med.

I forbindelse med nye vegen på Radøy så har det blitt laga deponi på min eigedom(496/1) med ein anleggsveg.

Eg og ein del andre høgde skogen i området for nokre år sida, men arealet som blir nytta som deponi (Såtemyre) blei ikkje høgde sia arealet var særst bløtt/sump.Når dei no skulle bruka arealet til deponi blei skogen høgde manuelt.

I utgangspunktet var avtalen med entreprenør at arealet skulle tilbakeførast i opprinnelig stand, men eg ser jo at ein kan kanskje nytta arealet til noko meir enn sump sidan det er blitt kjørt på ein god del masser,arealet er blitt heva og vatnet har fått utløp.

Eg får ikkje arealet "tilbake" før vegen er ferdig (2024).

Har ein muntlig avtale med formann frå Vassbakk og representant frå Fylkeskommunen at dei ikkje graver vekk anleggsvegen slik at me kan nytta den når vegprosjektet er ferdig.

Så det eg lurar på er om eg berre skal senda inn ein søkand på landbruksveg?. Veien er der jo allerede, men eg disponerer jo ikkje arealet pr.dags.dato og eg vil ha papira i orden.

For tilkomst til vegen kan eg bruka ei eksisterande avkjøringa.

Sia du ikkje tok telefonen så gjekk eg på synfaring så legger ved nokre bilder tatt i dag.

Visst du vil ta deg ein tur å sjå på da så er eg stort sett heima.

Arealet som ligg sør for deponi (496/27) eig eg og.

mvh

Maria Pletten  
tlf 984 33 009